

FRÅ SKJERM TIL ESSE

Formidlingsplan for born og unge

2025-2027

Vedteke på styremøte 11.12.2024

INNLEIING

Føreliggjande plan er eit tillegg til VTM sin generelle formidlingsplan. I utgåva for 2021-25 av den generelle planen er utarbeiding av ein spesifikk formidlingsplan for born og unge teke med som eit mål under pkt. 1.2.3. (side 6/7).

Denne planen er meint til å grunngje og vise korleis Vest-Telemark Museum kan fylle si rolle som formidlar av materiell og immateriell kulturarv til nye generasjonar, både gjennom utdanningssystemet og på generell basis.

Samstundes ønskjer ein å vise til den dagsaktuelle skulepolitiske utviklinga i Noreg som gjer at museet si formidling til born og unge kan få ei ny og viktigare rolle i framtida. Spesielt gjeld dette samarbeidet med skulane/barnehagane gjennom DKS-systemet.

Planen er bygd opp av desse kapitla:

1. Eksterne og interne føringar
2. DKS for grunnskule, vidaregåande og barnehage
3. Andre målgrupper
4. Digital formidling
5. Medverknad
6. Oppsummering

1 FØRINGAR

1.1 Eksterne føringar

Kulturformidling til born og unge har vore tema i politiske føringsdokument i mange år.

Ei nyare melding er **St. meld. nr. 18 (2020-2021) *Opplive, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge***. Meldinga skal

legge til rette for at alle norske barn og unge – uavhengig av bustad, økonomi, funksjonsevne og sosial og etnisk bakgrunn – får tilgang til eit breitt og mangfaldig kulturliv og får moglegheit til sjølve å delta, skape, lære og meistre. (s. 9).

Dette har ført til omfattande fokus på formidling av kulturopplevingar til born, og at mange støtteordningar innan kulturformidling i dag inneheld eit insitament om å ha med born og unge som målgruppe i prosjekt det søkast midlar til.

At kulturomgrepet òg inneber kulturarv, kan ein lese eksplisitt i same melding:

...det å verne om kulturarven og vekke interesse for denne og gjere han tilgjengeleg for barn og unge er ei statleg oppgåve og eitt av dei nasjonale kulturpolitiske måla (s. 126).

At kulturarv er eit særskilt ønska tema i kulturformidlinga er tydeleg i vekta «Den kulturelle skulesekken» (DKS) legg på dette området i bestillinga til sine aktørar, sjå kap. 2.

Dei siste 2 åra har det kome til eit nytt fokus som er relevant for museumsformidlinga. Som del av ein politisk prosess kring følgene av at praktiske og estetiske fag har vore nedprioritert i norsk skule over lengre tid, har fokus på læringsinnhald formidla gjennom fysisk handverk (og dermed handverksbasert kulturarv) blitt eit meir aktuelt tema.

St.meld. nr. 34 (2023-2024) *En mer praktisk skole* handlar om korleis ein kan styrke praktisk læring for elevar frå 5. til 10. trinn, med mål om betre læring, motivasjon og trivsel. Meldinga foreslår tiltak som inkluderer meir aktivitet og samarbeid med eksterne læringsarenaer når det gjeld fokus på praktiske ferdigheiter:

Læring kan skje på mange arenaer, for eksempel [...] på tur, bibliotek, verkstad, museum [...] eller andre stader i nærmiljøet. (s. 48)

Styrkinga av fysisk læring heng saman med ein relativ ny politisk aksept for utfordringane digitaliseringa har skapt for born og unge.

11. november 2024 levera det såkalla «Skjermutvalet» sin rapport om korleis barn og unge sin bruk av digitale verktøy påverkar helse, livskvalitet, læring og oppvekst til Kunnskapsdepartementet. Rapporten understrekar viktigheita av ein betre balanse mellom digitalt støtta undervising og analoge/fysiske læringsaktivitetar.

Å bidra til fysisk læringsaktivitet gjennom formidling av handverkstradisjonar og -produkt er ei oppgåve kulturhistoriske museum som VTM har særst gode føresetnadar for. Tendensen er eit tydeleg teikn på at fysisk museumsformidling kan kome til å spele ei sterkare rolle for VTM i tida framover, både i samarbeid med utdanningssystemet og på generell basis.

1.2. Interne føringar

Ulike strategidokument VTM har laga, har ofte vore ein respons på endringar i krav for resultatmål og rapporteringsmåtar til Kulturdepartementet. Føringane for formidlingsarbeidet til born og unge har ikkje alltid vore like konsistente i desse planane.

Til dømes har strategiplanen 2016-2020 («Kvalitet + brukarfokus = relevans») hatt følgjande føremål blant sine viktigaste føringar for formidlingsarbeidet:

- *Utvikle digital formidling*
- *Gjere immateriell kulturarv digitalt tilgjengeleg*
- *Ta i bruk sosiale medium som Twitter, Instagram og Facebook*
- *Forbetre tilbodet til skular.*

I strategiplanen 2020-2022, der resultatmåla frå driftsplanane blei teke i bruk, heiter det derimot heilt generelt:

- *vektlegge pedagogisk tilrettelagt formidling til born, unge og innvandrarak og samarbeid med undervisningsinstitusjonar, vaksenopplæring og DKS*

For perioden 2022-24, då årlege resultatmål skulle takast i bruk, heiter det:

- *vidareutvikle tilbodet innan DKS og/eller andre pedagogiske opplegg for born og unge ved å*
 - a) auke talet deltakarar med minst 5% [årleg]*
 - b) utvikle minst eit nytt tilbod retta mot born og unge og/eller DKS.*

I det nyaste dokumentet «Strategiar og planar for 2026-2028» er derimot følgjande punkt oppført under «Relevant formidling»:

- *vidareutvikle tilbodet innan DKS og/eller andre pedagogiske opplegg for born og unge ved å:*

- *Oppretthalde talet på deltakarar med over 1000 per år.*
- *Utvikle minst eitt nytt tilbod retta mot born og unge og/eller DKS.*

I den overordna Formidlingsplanen for VTM 2021-25 har igjen måla for formidling til born og unge vore konkretisert slik:

- *satse meir på DKS for grunnskulane.*
- *aktivt utvikle minst eit turnéprosjekt innan kulturarv for Kulturtanken og heile fylket.*
- *utvikle og marknadsføre eit meir systematisk tilbod til barnehagar. (s. 27/28)*

Felles for planane er altså at tilbodet til skular (vanlegvis i form av DKS) er den viktigaste delen av det pedagogiske formidlingsarbeidet. Samstundes har det ofte vore uklart korleis konkrete resultatmål i praksis skal utformast, målast og rapporterast.

Målet med denne planen er gje eit sett av resultatmål som kan brukast til planlegging og rapportering i planperioden.

2. DEN KULTURELLE SKULESEKKEN (DKS)

Den kulturelle skulesekken (DKS) og Kulturtanken har i mange år vore det nasjonale hovudverktøyet for formidling av kultur til grunnskular, vidaregåande skuler og sidan sist (2023) også barnehagar.

I St. meld. nr. 18 (2020-2021) *Oppleve, skapa, dele* står det at Den kulturelle skulesekken

- *skal sikre at barn og unge får eit likeverdig kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet, uavhengig av kvar dei bur, slik at dei kan gjera seg kjende med og utvikle forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk.*
- *formidle eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar*
- *bidra til å formidle kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn*
- *skal vera eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging. (s.139):*

Medan det lokale DKS-systemet for grunnskulen har eksistert sidan 1990-åra i form av eit tilskot kommunane og fylka kunne bruke fritt til å tinge kulturopplevingar til skulane, blei ei sentralstyrt satsing innført i 2015, og dei tidlegare «Rikskonsertene» blei sett til å koordinere all DKS-verksemnd som «Kulturtanken – ein statleg fagetat for kunst og kultur til born og unge, som ivaretek det nasjonale ansvaret for Den kulturelle skulesekken (DKS).»

Frå å vere i hovudsak eit system for tinging av omreisande konsertar og førestillingar, har DKS utvikla seg til eit stort spekter av kulturelle aktivitetar i breiare forstand. Dei siste åra har det vore eit aukande ønskje om at tilbodet bør innehalde meir uttalt formidling av kulturarv. Dette har gjeve museum som VTM høve til å utvikle og utvide skreddarsydde tilbod.

Ei anna viktig endring var at kommunane fekk lov til å bruke DKS-midlar til transport for skuleklassar til eksterne formidlingsarenaer i sin region (som t.d. museum), og at opplegg for vidaregåande skular som er finansiert av Kulturtanken, kan innehalde transport av elevar over større avstandar. Dermed blei musea meir relevante som læringsarenaer enn tidlegare.

For skuleåret 2024/25 oppmoda *Den kulturelle skulesekken Telemark* særleg til å melde inn:

- *Produksjonar med nynorsk målform.*
- *Tilrettelagde produksjonar for elevar med spesielle behov.*
- *Verkstarar.*
- *Produksjonar som er særleg tilpassa vidaregåande skule.*
- *Produksjonar som er tilpassa turné i barnehagar.*

VTM sine tilbod er på *nynorsk* i all skriftleg materiale. Dette gjev VTM eit fortrinn i tildeling av midlar til nye produksjonar.

Når det gjeld *verkstarar* (i.e. formidling av handverk) er VTM med på å arrangere eit nytt initiativ i samarbeid med Kulturtanken: **DKS-lab tradisjonshandverk**. Dette er eit opplæringsprosjekt etter modellen av «DKS-lab for visuell kunst» som har gjeve gode erfaringar tidlegare. Det handlar om å motivere tradisjonshandverkarar frå heile landet til å utvikle DKS-tilbod for både grunnskule og vidaregåande.

Ved VTM Eidsborg er det planlagt ein DKS-Lab over fem dagar i juni 2025 med plass til fire handverkarar. Desse vil få hjelp til å spisse idear, velje metodar, utvikle formidlinga og kome langt på veg mot ein ferdig DKS-produksjon. Det er tydeleg uttrykt i utlysingsteksten at søknadsforslaga bør ta utgangspunkt i å gje elevane ei kvalitetsrik handverksoppleving gjennom praktisk læring. I løpet av veka får deltakarane testa ideane sine på kvarandre og på elevar på aktuelle klassetrinn.

Dei andre oppmodingane frå DKS Telemark er behandla i avsnitta som følgjer.

Resultatmål for planperioden:

Følgje opp «DKS-lab», handverkarane og prosjekta deira dersom nokre av dei vel å turnere ved grunnskolar i Vest-Telemark eller vidaregåande i Telemark.

2.1 Pedagogiske opplegg og DKS ved VTM

Tilsettinga av ein fast museumspedagog i 2021 har vore ein viktig føresetnad for at VTM har kunne svara på utfordringa i strategidokumenta og auka talet elevar på både DKS og andre pedagogiske opplegg i tråd med føringane:

- 2021: 640 elevar (av desse 489 i DKS)
- 2022: 994 elevar (av desse 681 i DKS)
- 2023: 1348 elevar (av desse 670 i DKS)
- Tala for 2024 er ikkje klare i skrivande stund, men kjem til å ligge på godt over 1000.

Innan DKS-systemet tilbyr Vest-Telemark Museum eit større tilbod for elevar i grunnskulen, men så langt berre eitt offisielt tilbod for vidaregåande skule (om brynestein). Museet har òg berre eitt tilbod for barnehagebarn (på Grimdalstunet) som ikkje er offisielt marknadsført.

Som ein ser er det totale talet elevar i statistikken høgare enn talet DKS-deltakarar. Pedagogiske prosjekt for skular utanfor DKS systemet omfattar t.d. samarbeidet med Ski- og skimakarforeininga om «Treskidagen», eit skuleopplegg kring skimaking der foreininga står for gjennomføringa og VTM for organisering og kontakt med skulane. Eit anna tilbod er KulTurbuss i samarbeid med Sparebankstiftinga som har vore gjennomført over fleire år inntil 2023. I totaltalet er også med prøveprosjekt som er planlagt inn i DKS-portalen på eit seinare tidspunkt.

I september 2019 blei den nasjonale DKS-portalen lansert. Dette er ein felles digital portal som forenkler det administrative arbeidet i samband med programmeringa av DKS-opplegg for både grunnskulen, vidaregåande skule og barnehagar. Her meldast nye og etablerte DKS-opplegg til skulane for tinging kvart år per 1. oktober.

Portalen gjev eit oversyn over DKS-tilbodet i kommunen og fylket (og nasjonalt), og gjev museet betre føresetnad for å planleggje i høve til det.

Resultatmål for planperioden:

Halde talet deltakarar ved pedagogiske opplegg, inkludert DKS, på over 1000 elevar årleg.

2.2 Formidlingsarenaer

I formidlingsplanen 2021-25 er det eit uttalt mål å *nytte flest mogleg av VTM sine visingsarenaer i formidlinga til born og unge* (s.3).

I dag nyttar VTM sju av desse i samband med DKS-formidlinga: Vest-Telemark Museum Eidsborg, Grimdalstunet, Åmdals Verk gruver, Norsk Skieventyr, Kviteseid bygdetun, Øy fjell

bygdemuseum og Fyresdal bygdemuseum. Andre av VTM sine visingsarenaer kan bli trekt inn ved behov.

I tillegg nyttar VTM eksterne arenaer som Gongestogo på Dyrskuplassen i Seljord (eigd av Dyrsku'n Arrangement AS) og Alvstoga på Mjonøy kultursenter i Vinje (eigd av Mjonøy AS). Ein har òg gjennomført einskilde opplegg på kanalbåtane Victoria og Henrik Ibsen, og ved dei historiske bunkeranlegga frå 2. verdskrig ved Gåstjønn.

Ein del av restaureringsprosjektet *Stålekleivloftet frå 1167* er bygging av eit permanent lafta formidlingsbygg i Eidsborg, planlagt ferdig våren 2025. Dette bygget skal utstyrast med reiskap for diverse handverk og utformast slik at det høver både til handverksaktivitet for ordinære gjester og som ein arena for DKS i og utanom sesongen.

Resultatmål for planperioden:

Utarbeide ein bruksplan for det nye formidlingsbygget i Eidsborg, med omsyn til både DKS-tilbod og andre pedagogiske opplegg i og utanfor sesongen.

2.3 DKS for grunnskulen

For DKS i grunnskulen, der kommunane er skuleeigarar, er tradisjonen at kommunane mottok midlar direkte frå DKS-systemet, som dei brukar til å tinge omreisande aktivitetar, eller til å transportere elevar til museum eller andre formidlingsstadar.

Per 2024 har museet samarbeidsavtaler om DKS i grunnskulen med 4 av 6 kommunar i Vest-Telemark: Kviteseid, Fyresdal, Vinje og Seljord. Desse avtalene definerer tema, organisering og ei omtrentleg tidsramme for gjennomføring av ulike DKS-opplegg.

I tillegg har museet eit tett samarbeid med vertskommunen Tokke. Det har gått føre seg i mange år, fungerer veldig godt og er jamgodt med ei skriftleg avtale. Tokke er kommunen VTM har samarbeidd med lengst.

Desse DKS-tilboda blir bruka per i dag i ulik kombinasjon av skuleklassar i samarbeidskommunane:

- 1.-4. klasse: Jol i gamle dagar (5 ulike arenaer)
- 5. klasse: Bergverkshistorie (ÅVG), Husmannen (VTME), Eventyrjenta Anne Grimdalen (AGM), Vinterbesøk NSE, Telemarkskanalen
- 6. klasse: Bergverkshistorie (ÅVG), Husmannen (VTME), Eventyrjenta Anne Grimdalen (AGM), Vinterbesøk NSE, krigsminne Gaastjønn
- 7. klasse: Bergverkshistorie (ÅVG), Husmannen (VTME), Eventyrjenta Anne Grimdalen (AGM), Vinterbesøk NSE, Vasskraft i Tokke

- 8. klasse: Husmannen (VTME), Eventyrjenta Anne Grimdalen (AGM), Vinterbesøk NSE
- 10. klasse: Gunnar Utsond-seminar (KB)

Museet har per 2024 ikkje eit opplegg for 9. klasse. Det blei arrangert ein skuleturné vinteren 2023, *Tidleg krøkast*, der ein smed reiste rundt til skular i Vest-Telemark og lærte 9. klassingar å smi. Arbeidet med å få dette inn i DKS-systemet er sett i gang.

Museet har per i dag ikkje samarbeidsavtale med Nissedal. Nissedal er einaste kommunen i Vest-Telemark der VTM ikkje har visningsstad. Kommunen gjev heller ikkje tilskot til museet slik dei andre kommunane gjer.

DKS-tilboda er i utgangspunktet gratis for kommunane som gjev tilskot.

Resultatmål for planperioden:

Få opplegget «Tidleg krøkast» inn i DKS-portalen som eit tilbod til m.a. 9. klasse, og tilby dette i samband med reforhandling av årshjulet i kommune-avtalane.

2.4 Kulturtanken

I 2008 vart vidaregåande skule innlemma i DKS-ordninga. Frå 2015 har «Kulturtanken» vore ansvarleg for eit omfattande tilbod til elevar i vidaregåande skule.

Kulturtanken/DKS Telemark har i møte med VTM fleire gonger ytra ynskje om fleire prosjekt innan formidling av kulturarv.

Eit samarbeid med DKS Vestfold og Telemark resultera i eit prøveprosjekt med formidling av brynesteinshistorie i 2022. Opplegget *Brynestein frå Eidsborg – Eit 1200 år langt industrieventyr* vart testa og vidareført i 2023 med besøk av 262 elevar ved museet i Eidsborg. Alle desse kom frå vidaregåande skular i Grenland. I 2024 var talet på elevar innom dette tilbodet 215. Formidlingsopplegget held fram i 2025.

For skuleåret 2024/25 oppmoda DKS Telemark til å melde inn fleire produksjonar som er særleg tilpassa vidaregåande skule. Å vidareutvikle opplegget om brynestein, definere tydeleg kva klasser dette opplegget høver for og synleggjera relevansen mellom opplegget og læreplanar er eit uttala mål.

I tillegg ønskjer DKS Telemark i samarbeid med museet å sjå på høve til utvikling av spesialtilpassa formidlingsopplegg for yrkesfag.

Resultatmål for planperioden:

- Vidareutvikle opplegget *Brynestein frå Eidsborg – Eit 1200 år langt industrieventyr* for vidaregåande skule saman med DKS Telemark/Kulturtanken
- Lage ei liste over moglege nye handverksprosjekt for vidaregåande skule med utgangspunkt i tradisjonshandverkarar frå Telemark og fasilitetane til VTM, som t.d. det nye formidlingsbygget i Eidsborg.
- Kartlegge behov for spesialopplegg for ulike yrkesfag (VGS) i samarbeid med fylkeskommunen.

2.5 Læreplanar

Sidan Kunnskapsløftet 2020 har det kome nye læreplanar for 1.-10. trinn og for vidaregåande opplæring. Læreplanen for kvart fag er konkretisert med kompetansemål som viser kva elevane skal kunne etter bestemte trinn.

I kommunikasjon med skulane har det framkome ynskje om at VTM knyter formidlinga tettare opp til læreplanar og gjer relevansen i formidlinga vår tydelegare for skulane.

For å imøtekoma dette har formidlingsavdelinga byrja å utarbeide info om kvar av opplegga til lærarane. Arket inneheld ei skildring av opplegget og viser til relevante kompetansemål.

Eit døme på dette er DKS-opplegget *Husmannen og handverkaren* for elevar på 7. trinn.

Eit relevant kompetansemål er henta frå samfunnsfag, der elevane skal

utforske korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka og påverkar demografi, levekår og busetnadsmønster.

(Kjelde: <https://www.udir.no/lk20/saf01-04/kompetansemaal-og-vurdering/kv146>)

Resultatmål for planperioden:

Knyte formidlinga vår tettare opp til læreplanar og kompetansemål, og gjera dette tilgjengeleg for lærarane.

2.6 DKS for barnehagar

Som vist til ovanfor, omfattar «Den kulturelle skulesekken» sidan 2023 også barnehagar.

VTM tilbyr i dag høve til barnehagebesøk på førespurnad overalt der det er mogleg å gjennomføre. Dette tilbodet er gratis for kommunane i Vest-Telemark (unnateke transporten), men så langt er det ikkje aktivt marknadsført eller systematisk planlagt.

Nasjonale mål for DKS tydeleggjer eit ynskje om å inkludere barnehageborn i DKS-tilboda, jamfør St. meld. nr. 18. Som vist ovanfor, oppmodar òg Kulturtanken og DKS Telemark til utvikling av produksjonar tilpassa turné i barnehagar.

Også i Formidlingsplan VTM 2021-2025 er det eit uttala mål om å *utvikle og marknadsføre eit meir systematisk tilbod til barnehagar.* (s. 28)

Det er ikkje rekningsssvarande å utvikle eit tilbod basert på at museumsformidlaren reiser ut til barnehagar (turné) utan ekstern finansiering. Men det kan vere aktuelt å tilby tilrettelagde museumsbesøk for barnehagar meir systematisk med fast pedagogisk opplegg. Dette kan t.d. vera besøk av ein av VTM sine skulpturmuseum.

Resultatmål for planperioden:

- Gjere tilbodet på Grimdalstunet kjent for barnehager i Vest-Telemark
- Utvikle og finansiere eit høveleg opplegg til barnehageturné.

3. ANDRE MÅLGRUPPER

Mange born og unge besøker museum på fritida, og kjem saman med vener eller familie. For denne publikumsgruppa har VTM p.d.d. desse tilboda:

- VTME: kanalpark, familiedag, app, rebus
- NSE: fløtingspark, Morgedalsløypa, aktivitetshäfte og bornequiz
- AGM: natursti med quiz
- KB: vikingdag, rebus
- ØB: familiedag
- ÅVG: barnegruve

Det er store moglegheiter for å gje denne publikumsgruppa fleire tilpassa aktivitetar, og gje dei somartilsette museumsvertane fleire verktøy å ta i bruk i møte med born og unge. Det er viktig å vedlikehalde desse systematisk for å unngå kvalitetstap.

Mål for planperioden:

Kartlegge eksisterande aktivitetar for born og unge og gjere endringar/oppdateringar der det er relevant for formidlinga, spesielt på einingar der me sel barnebillett.

3.1 Aktivitetar i skuleferien

Museet opplever stadig førespurnadar om aktivitetar for born i skuleferiar. Museet har fleire gonger tatt i mot born på sommarskule arrangera av kommunar/kulturskular i Vest-Telemark. Dette er gjerne dagsopplegg med formidling og aktivitetar gjennom ein heil dag, og har ofte vore gjennomført på kort varsel og med lite tid til førebuing.

I 2023 har Norsk Kulturskoleråd i samarbeid med Sparebankstiftinga DNB sitt *Handverksløfte* laga opplegget «Handverksløftet i Kulturskulen». To kulturskular, Kviteseid og Vinje, har søkt og fått pengar for å utvikle handverksundervising i kulturskulen. Medan Vinje gjer dette på eiga hand, har VTM og Kulturskulen i Kviteseid teke initiativ til samarbeid om ei sommarskule/ferieskule med fokus på tradisjonshandverk. Opplegget er meint å så interesse hjå elevane, slik at kulturskulane kan ta det vidare ved å tilby kurs for dei av elevane som er interesserte.

Resultatmål for planperioden:

Utvikle og gjennomføre minst éin test-pilot for sommarskule/ferieskule ved ei av VTM sine einingar i samarbeid med ein eller fleire kulturskular i Vest-Telemark.

3.2 Born med funksjonsnedsetting

I 2022 starta VTM si publikumsavdeling ei kartlegging av universell utforming ved alle våre visingsarenaer. Kartlegginga omfattar informasjon på nettsida, tilgang på handikoptolett, tilgang for rullestol og tilrettelegging for blinde, syns- og høyrselshemma.

Relevant for denne planen er elevar med nedsett syn, høyrsel, taleevne, rørslehemma eller elevar med nedsett kognitiv funksjon. Det finst per i dag ikkje nokon plan for korleis ein skal ta i mot elevar med desse utfordringane, eller utarbeidd materiell spesielt tilpassa desse. Ein har teke utfordringane *ad hoc* når dei har oppstått.

I Formidlingsplan VTM 2021-2025 står det at *formidlinga ved VTM skal syte for universell utforming og ålmenn tilgjenge* (s. 7). I *Strategiar og planar 2026-2028* går det fram at VTM skal *utvikle formidlingstilbodet med tanke på mangfald, universell tilgjenge og inkludering*.

For eit museum med ei rekkje gamle hus og bygdetun som formidlingsarenaer er det vanskeleg å møte krava om universell utforming overalt. Det viktigaste er difor å trinnvis vidareutvikle fasilitetane for å imøtekoma krav om universell utforming avdekt i kartlegginga.

Mål for planperioden:

Følge opp kartlegging og tilrettelegging for universell utforming i samarbeid med publikumsavdeling og FDV.

3.3 Framandspråklege born

Tekstane i VTM sine utstillingar er i dag oftast på norsk og engelsk, nokre stader òg på tysk. Skiltinga på alle antikvariske bygg er på norsk, engelsk og tysk. Dette er mynta på turistar.

Elevar som kan ha utfordringar med språk er minoritetar, flyktningar og born av innvandrarar som har norsk som 2. språk. Av erfaring varierer det kor viktig ein lærar meiner det er at elevar i denne gruppa forstår alt som blir formidla. Det kan skuldast haldninga om at ein ikkje ynskjer å skape ekstra arbeid for formidlaren, eller at ein lærer språk best gjennom å høyre det og samhandle med norsktalande.

Dei gongene ein lærar eller assistent kan kommunisere med elevar på deira morsmål er det viktig å bruke denne ressursen aktivt.

Det er fleire måtar VTM kan arbeide på for å nå føringa om *mangfald, universell tilgjenge og inkludering*:

- Utarbeiding av materiell til eksisterande DKS-opplegg som ikkje forutset at eleven forstår norsk. Det kan vera ei ordliste, som lærar kan bruke for å hjelpe eleven å forstå, foto eller teikningar som forklarar kva ein snakkar om og meir aktiv bruk av rekvisittar.
- Satse på DKS-opplegg med aktivitetar som ikkje krev norskkunnskapar, men fremjar praktisk læring og gjennom det samarbeid og språkutvikling.

Mål for planperioden:

- Utarbeide universelt utforma materiell til minst eitt eksisterande DKS-opplegg
- Ha fokus på utvikling av inkluderande DKS-opplegg med praktiske aktivitetar.

4. DIGITAL FORMIDLING VS. KROPPSLEG LÆRING

Formidlingsarbeidet til VTM kan ha nytte av å vera eit tydeleg supplement til den digitale erfaringsverda mange born og unge lever i, sjå kap. 1.

I tildelingsbrevet frå Kultur- og likestillings-departementet for 2024 er det tidlegare sterke fokuset på det digitale redusera. Derimot står det meir generelt at museet

skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn som har levd til ulike tider, i samspel med verda ikring.

Samstundes med at VTM held fram med å gjere innhald digitalt tilgjengeleg for publikum på ulik vis, bør den aktive formidlinga til born og unge støtte seg i større grad på kroppsleg læring og fysisk erfaring enn tidlegare.

Mål for planperioden:

- Fokusere på fysiske opplevingar og bruk av rekvisittar i godt samspel med eksisterande digitale verkemiddel
- Nytte det auka fokuset kring handverk ein ser, jf. Sparebankstiftinga si satsing *Håndverksløftet*.

5. MEDVERKNAD

I dokumentet *Strategiar og planar for 2026-2028* heiter det at VTM skal

gjennomføre minst eitt formidlingsopplegg som inkluderer medskaping eller medverknad frå publikum.

I St. meld. nr. 18 er dette konkretisert slik:

Medverknad handlar om å leggje til rette for at barn og unge kan delta aktivt på måtar som er tilpassa kor gamle dei er, og kva erfaringar, individuelle føresetnader og behov dei har. Medverknad bidreg til auka mangfald av kulturuttrykk og tilbod fordi det òg tek med seg forteljingane og uttrykka til dei som er barn og unge (s. 113).

Ein opplever at måla som er uttrykt i denne planen tek vare på deler av denne føringa, ved at kroppsleg læring og handverksaktivitetar setjast i fokus.

Det som ikkje er teke i betraktning så langt, er elevar sine høve til å medverke i *utviklinga* av formidlingsopplegg.

Mål for planperioden:

Utvikle minst eitt formidlingsopplegg i samarbeid med born og unge.

6. RESULTATMÅL 2025-27 - Oppsummering

Gjennomføring og vidareutvikling av pedagogiske opplegg

- Få opplegget «Tidleg krøkast» inn i DKS-portalen som eit tilbod til m.a. 9. klasse, og tilby dette i samband med reforhandling av årshjulet i kommune-avtalane
- Vidareutvikle opplegget *Brynestein frå Eidsborg – Eit 1200 år langt industrieventyr* for vidaregåande skule saman med DKS Telemark/Kulturtanken
- Knytte formidlinga vår tettare opp til læreplanar og kompetansemål, og gjera dette tilgjengeleg for lærarane
- Gjere tilbodet på Grimdalstunet kjent for barnehager i Vest-Telemark
- Fokusere på fysiske opplevingar og bruk av rekvisittar i godt samspel med eksisterande digitale verkemiddel
- Nytte det auka fokuset kring handverk ein ser, jf. Sparebankstiftinga si satsing *Håndverksløftet*
- Halde talet deltakarar for pedagogiske opplegg, inkludert DKS, på over 1000 elevar årleg.

Utvikling av nye pedagogiske opplegg

- Følgje opp «DKS-lab», handverkarane og prosjekta deira dersom nokre av dei vel å turnere ved grunnskolar i Vest-Telemark eller vidaregåande i Telemark
- Kartlegge behov for spesialopplegg for ulike yrkesfag (VGS) i samarbeid med fylkeskommunen
- Utarbeide ein bruksplan for det nye formidlingsbygget i Eidsborg, med omsyn til både DKS-tilbod og andre pedagogiske opplegg i og utanfor sesongen
- Lage ei liste over moglege nye handverksprosjekt for vidaregåande skule med utgangspunkt i tradisjonshandverkarar frå Telemark og fasilitetane til VTM, som t.d. det nye formidlingsbygget i Eidsborg
- Utvikle og finansiere eit høveleg opplegg til barnehageturné
- Utvikle minst eitt formidlingsopplegg i samarbeid med born og unge
- Ha fokus på utvikling av inkluderande DKS-opplegg med praktiske aktivitetar.

Andre resultatmål

- Kartlegge eksisterande aktivitetar for born og unge og gjere endringar/oppdateringar der det er relevant for formidlinga, spesielt på einingar der me sel barnebillett.
- Utvikle og gjennomføre minst éin test-pilot for sommarskule/ferieskule ved ei av VTM sine einingar i samarbeid med ein eller fleire kulturskular i Vest-Telemark
- Følgje opp kartlegging og tilrettelegging for universell utforming i samarbeid med publikumsavdelinga
- Utarbeide universelt utforma materiell til minst eitt eksisterande DKS-opplegg.